

Sesilåmi og ÅIL, 1976-2023



Spreke åsdølar på historias fyrste Sesilåmi: Elling T, Elling O. Eikerapen, Kjell Olav Austrud, Lars Magnus Reiersdal og John Abelseth.

4.april 1976: Skigjengen frå Åseral spenner på seg dei nyinnkjøpte og moderne plast-skia, treningsstimane på Thorslandsheia skal snart innkasserast og dunjakka til Elling T lukter svidd etter fleire uhell i smøreboden. Ein gjeng staute karar frå Åseral er klare for historias fyrste Sesilåmi.

Sesilåmi er eit 53 km langt turrenn frå Brokke i Aust til Sinnes i Vest. Skirennet gjekk altså for fyrste gong i 1976, og med unntak av seks uvers-år, og eit år med reinsdyr i løypa, har det stilt spente menneskjer på startstreken kvart år- også mange spenstige åsdøler. 2023 ser til no ut som det siste året i Sesilåmis historie, og også her var det med åsdølar.

Namnet «Sesilåmi» er sett saman av Setesdal, Sirdal og Låmi. Låmi tyder løype, og «Sesilåmi» blir altså då «løypa mellom Setesdal og Sirdal». Og for ei vakker løype! Ved Brokke Alpincenter og startpunkt for turen er ein på 550 meters høgde, videre slyngar løypa seg magisk oppover mot høgaste punkt, rundt 1000 moh (ved Øvvunsbu), før me stupar ned mot mål på Sinnes, som også ligg på rundt 500 moh. 53 magiske kilometer, som åsdølane nok kjende godt i låra denne søndagen i 1976.



Løyperekordane er fra 2007 der Svein Tore Sinnes fortsatt har rekorden for herrer på 2.13.12 og Jorunn Øye for damer på 2.39.49. ÅIL rekorden er 2.42, og den har Kjell Olav Austrud. Dette var i 1989- og han går dermed inn i historien med beste tid for ÅIL.

Lat oss gå attende til denne aprildagen i 1976. Det første rennet. Sesilåmi med stor S. Dei fem karane på bildet hadde trena og pusta som nokre helter i Thorslandsheia fleire veker før Sesilåmi. Fram til midt på 70-talet var det treski som gjaldt, og her var det svært variable resultat med både feste og glid. Desse nye plastsksia var gode og glei utrolig godt, men dei var litt i overkant stive, så det var ikkje alltid rå og få godt feste med desse heller. Men, ingen skulle sei at dei ikkje hadde forberedt seg, og alle var i brukbar form når renndagen kom. Taxi Andreas Forgard og 7-seteren fekk i oppdrag å transportere karane trygt til Brokke. Startnummara vart delt ut og John Abelseth fekk start nummer 1, og leda så ann. Dette skulle heller ikkje bli Johns siste renn, han var med totalt 16 gonger (med rekord på 3.40) på Sesilåmi. På løypas topp-punkt denne søndagen i 1976 ryktas det om at Elling T fekk bomma ein røyk av ein befatl som stod løypevakt her- det var nok heilt sikkert godt med eit avbrekk frå slitet i løypa. Om det er derfor resultatet til sistnemnde ikkje er å finna nokon plass, er ukjent- Elling T er i alle fall borte vekk frå alle lister. Lars Magnus unna seg ingen røykepause, men røyk likevel på ein smell i siste bakkane ned mot Haugen, han slo seg kraftig, men kom i mål til ei rimeleg grei tid trass i dette.



Over: For Elling O Eikerapen vart det så hardt at siste delen av rennet forsvann rett og slett frå minnet.

Denne gjengen er forøvrig registrert under idrettslaget «Kollungtveit» i 1976, og me må heilt til Sesilåmi 1978 før dei fyrste deltarane gjeng i ÅIL sitt namn.

I 1978 stiller heile 10 stk for Åseral idrettslag, med Kjell Olav Austrud og Reidar Åsland som raskast i sporet. Dei andre som våga seg utfor ein vårdag i '78 var: Toralf Austrud, Harry Åsland, Oddmund Ljosland, Tarjei Bredland, Sverre Forgard, Jørgen Åsland, John Abelseth, og Asbjørn Bortelid- og alle gjekk på under 6 timer. Godt jobba!

I 1980 debuterer dei to fyrste åsdøl-damene i rennet, med Birgit Dåsvatn og Kari Thorsland, som begge brukte i underkant av 6 timer. Då Sesilåmi starta opp var arrangørane i tvil om dei skulle tillate damer i rennet, sidan dette kunne bli litt vel tungt for det svake kjønn.. Heldigvis kom dei på betre tankar, og Birgit og Kari var gode forbilder for fleire av åsdøl-damene som kom blei med i åra rett etter: Halldis Smeland, Borghild Berås, Tordis Forgard, og Tone Ljosland. Etter dette må me til 2000-talet for å finne kvinner i ÅIL sitt namn på Sesilåmis resultatliste.



Over: ei av dei spreke ÅIL damene som deltok i 1987 med sitt startnummer.
Ho ville ikkje med på bilde med anna enn startnummeret.

Tida går, og det er no snart 50 år sidan det fyrste Sesilåmet vart skote i gong. Det har vore med mange åsdølar gjennom åras løp, og resultata er gode! Det å gjennomføre eit slikt renn er i og for seg ein bragd i seg sjølv- og ikkje minst ein personleg test! Ein har brått eit mål som ligg langt der framme- og så er det naturlegvis gøy med litt konkurranse også. Eldste deltakar frå ÅIL er Albert Ellingsen, som gjekk i klassen «menn 80-84 år» i 2004. Han var då einaste deltakar i sin klasse, og viser at det verkeleg aldri er for seint, om du har helsa med deg.



Over: Albert Ellingsen, eldst og sprekast for ÅIL gjennom tidene.

Åseral IL har hatt gratis Sesilåmi-buss i fleire år, med alt frå 11-24 deltararar, med 2018 som rekordår med 24 stk. på startstreken, i alderen 16 til 70.



Over: 2018 var det året med flest ÅIL'ere på startstreken. Sjekk denne spreke gjengen!

I 2019 hadde me 20 påmeldte, og til start i Åseral idrettslag sitt namn. I 2022 var det 13 påmeldte, men rennet var avlyst.



Over: Oddmund Ljosland nærmer seg mål.



Over: Sesi 2019. ÅIL hadde 20 påmeldte. Vindjakke frå 70-tallet, caps og 2 liter kaffi i sekken, Gore-tex bukse, scooterhansker, konkurancedress og nickers . We had it all.



Over: Sesilåmi 2019 var også eit av dei tøffaste åra vermessig. Her er Grethe Berås lykkelig i mål.

Topp-10 lista over ÅILs raskaste menn og kvinner:

Topp 10 damer ÅIL:

1. Lillian Thorsland (3.43)
2. Olivia Forgard (3.44)
3. Inger Lise Stulien (4.12)
4. Grethe Berås (4.35)
5. Janne Thorsland (4.35.6)
6. Kristine Forgard (4.41)
7. Vigdis Ljosland (4.42)
8. Tove Utengen (4.45)
9. Siri Marit Asland (5.18)
10. Siren Rosseland (5.12)

Topp 10 menn ÅIL:

1. Kjell Olav Austrud (2.42)
2. Rolf Arthur Aasland (2.48)
3. Erlend R Stokke (3.04)
4. Oddmund Ljosland (3.05)
5. Reidar Åsland (3.12)
6. Frode Forgard (3.19)
7. Trond H. Åsland (3.22)
8. Roger Thorsland (3.24)
9. Odin Refsnes (3.30)
10. Rune Stokke (3.37)

Me i Åseral idrettslag meiner me har ei umåtelig sporty bygd med deltarar kvart einaste år, noko som ikkje er så verst for eit så lite idrettslag som ÅIL. I 2023, som jo ser ut til å vere Sesilåmis siste år, hadde me 4 sprekingar på startstreken; Olivia Forgard, Simon Stulien, Vegard Kvåle og Geir Kvåle. Sistnemte imponerte kanskje aller mest, sidan han store deler av rennet gjekk på eit knekt ski.



Over: Geir Kvåle gjekk på knekt ski 2023.



Over: Olivia Forgard og Simon Stulien i mål.

Me sender ein salutt til Sesilåmi og arrangørane for eit fantastisk turen gjennom mest 50 år. Eit renn som har skapt treningsmotivasjon, samhald, konkurranse og glede. Eit renn som har bydd på fantastisk natur, rå naturkraft og mestring. I år (2024) vart rennet avlyst grunna for få påmeldingar, og dei siste åra har både reinsdyr og dårlig ver sett ein stoppar for det populære rennet. Ein æra er kanskje over, men minna og engasjementet Sesilåmi ga, vil leve videre! Takk for alt- og ein stor klapp på skuldra til deg som har gjennomført eit Sesilåmi! Du kan vere stolt av deg sjølv!





Over: Torju Aasland i full fart på veg mot mål.